



Ordfører Peder Sjo Slettebø kjem sterkt igjen i år som talar på haustfesten i ungdomslaget.

Det meste er på plass med haustfesten i Helgheim laurdag 20. oktober. Ordfører Peder Sjo Slettebø er talar. Elin Legland skriv Daltrekk. Uskedal musikklag og Røysterett for Alle vert med og det vert arbeid med å finna eit sceneinnslag med god og kraftig humor. Ungdomslaget 130 år vert markert. Det populære bandet TRINITY spelar opp til dans.

Det vert lagt ut 100 billetter og alle må melda seg til namna du ser under. Prisen er kr. 300,-. Alle frivillige og alle med innslag betaler kr. 150,- Dei av aktørane som går heim etter programmet og ikkje er med på maten, går gratis. Medlemer i koret og musikklaget kan melda seg på samla, men med namn.

Elins Matgleder leverer betasuppe og brød. Seinare på kvelden vert det kaffi og kaker.

Med i haustfestkomiteen er: Bjørgulv Eik, Bodil Guddal Bjørke, Rigmor Rasmussen og Kristian Bringedal. Hildegunn Klette Hansen står for all pynting.

Påmeldinga skal sendast til:

rigmor@knett.no - mobil: 470 23 450 eller
kristian.bringedal@gmail.com - mobil: 915 31 487

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Ordføraren/Kristian Bringedal



Helgheim er plassen for haustfesten, nr. fire i rekkja utan opphald.